

STAD: HAUKELAND UNIVERSITETSSJUKEHUS, BERGEN

MØTETIDSPUNKT: 2. NOVEMBER 2016 kl. 1230 – 1600

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Terje Vareberg	Styreleiar
Lise Reinertsen	Medlem
Ohene Aboagye	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Bente Pilskog	Medlem
Tom Guldhav	Medlem
Lise Strømme	Medlem

FORFALL FRÅ STYRET

Tone B. Steinsvåg

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Herlof Nilssen, administrerende direktør
Baard-Christian Schem, fagdirektør
Per Karlsen, økonomi og finansdirektør
Bente Aae, kommunikasjonsdirektør
Ivar Eriksen, eigardirektør
Hilde Christiansen, direktør medarbeidar, organisasjon og teknologi
Torunn Nilsen, styresekretær

I forkant av styremøtet var det fellesmøte mellom styret i Helse Vest RHF og styret i Helse Bergen HF med følgjande agenda:

Tilbodet til barn og unge 0 – 18 år ved Haukeland universitetssjukehus, i dag og i framtida:

- BUS og Energisenteret for barn og unge
- Omvising i Barne- og ungdomsklinikken
- Innhald i framtidas barne- og ungdomssjukehus

Sak 116/16 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Oppsummering

Styreleiar orienterte om at styremøtet var ope for publikum og presse.

Forfall:

Tone Berntsen Steinsvåg hadde forfall til styremøtet.

Dokument som var ettersendt/delt ut i møtet:

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var ettersendt/delt ut i møtet:

- Tidsplan for styremøtet
- Styresak 121/16 - Verksemdsoverdraging av tilsette i Helse Vest
Innkjøp HF til Sykehusinnkjøp HF (Ettersendt 27. oktober)
- Til skriv og melding 02 - Svarbrev til Norsk bryst cancer gruppe (Ettersendt 31. oktober)

Til dagsorden:

Styreleiar orienterte om at det var 2 nye punkt på AD si orientering:

- **Pkt 4 – Statsbudsjettet**
- **Pkt 5 – Oppfølging i etterkant av streiken**

Saker til eventuelt :

Følgjande saker blei meldt til eventuelt:

- **Samtykke vs. reservasjon (OJH)**
- **Møte mellom styreleiarar og administrerande direktørar i dei 4 RHF-a 24. oktober (TV)**

Vedtak (samrøystes)

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

1235 – 1240 Sak 117/16 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 03.10. 2016

Vedtak (samrøystes)

Styret godkjente og underteikna protokollen frå styremøte i Helse Vest RHF 3. oktober 2016.

Sak 118/16 Administrerande direktør si orientering

1. Rapportering tilsynssaker

Administrasjonen viste til utsendt notat.

2. Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav

Administrasjonen viste til utsendt notat.

3. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrasjonen viste til utsendt notat.

4. Statsbudsjettet

Hovudpunkta i regjeringa sitt forslag til statsbudsjett 2016, blei gjennomgått i møtet:

- Sjukehusa blir styrka med 1 888 mill. kroner samanlikna med saldert budsjett 2016
- Auka pasientbehandling med 2,1%
 - ISF området veks med 1,5%
 - Poliklinisk område – lab. og radiologi veks med 8,5%
- Tiltakspakke for auka sysselsetting på 100 mill. kroner
 - Helse Vest 70 mill. kroner
- Avbyråkratiserings- og effektiviseringsreforma blir vidareført, ytterlegare effekt på 177 mill. kroner
 - Helse Vest 34 mill. kroner
- Pris- og lønnsjustering med 2,6 %

- Pensjonskostnader er anslått til 4 950 mill. lågare enn saldert budsjett 2016
 - Auka pensjonskostnad private ideelle i åra etter 2014 må sjåast opp mot pensjonsfordelen i 2014
- Kommunale ØH-plassar blir utvida til å omfatte psykisk helsevern og rus, overføring av 86,5 mill. frå RHF til kommunane
 - Helse Vest 16,5 mill. kroner
- Lån til nye byggeprosjekt

– Helse Stavanger: 175 mill.	Totalt 5,9 mrd.
– Helse Førde: 18 mill.	Totalt 1,125 mrd.
– Helse Bergen: 90 mill.	Totalt 370 mill.

5. Oppfølging i etterkant av streiken

Administrerande direktør orienterte om konsekvensar av streiken og oppfølging i etterkant av streiken.

Pasientar som fikk utsatt time under streiken, vil bli teke inn fortløpande.

Ein avventar no resultatet av tvungen lønnsnemnd.

Det vil bli teke initiativ til samarbeid og dialog med dei tillitsvalde om arbeidstidsordningar fram mot neste oppgjer.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok meldingane til orientering.

Sak 119/16 Rapportering frå verksemda per september 2016

Ventetidsutviklinga per september 2016 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 65 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgangen av månaden var 54 dagar. Ventande pasientar utan prioritet finn ein i hovudsak innan somatikken. Totalt var 0,7 prosent av dei som framleis venta ved utgangen av september pasientar utan prioritet (ned frå 1,2 % ved utgangen av august).

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren er høgare enn per september 2015 for poliklinisk behandling, og om lag på same nivå for innlagde døgnpasientar. Talet genererte DRG-poeng er 1,2 % høgare enn i 2015. Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern for barn syner ein svak vekst i talet genererte liggedøgn, og eit litt høgare poliklinisk aktivitetsnivå enn i 2015. Innan psykisk helsevern for vaksne er det vekst i talet utskrivne og høgare poliklinisk aktivitet.

Prosentdelen fristbrot for behandla var 1,4 % i september 2016. Når det gjeld korridorpatientar har utviklinga vore positive i sommar og haust, og dei samla tala for september 2016 er dei lågaste som er målt. Det samla talet på langtidsventande (1 år+) i regionen held seg og framleis på eit rimeleg lågt nivå. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 83 % innan somatikken og 80 % innan psykisk helsevern i september 2016.

Helse Stavanger har framleis den lengste samla gjennomsnittlege ventetida for alle dei som har starta behandling. Helse Stavanger har den høgaste ventetida for behandla innan somatikk, BUP og PH vaksne. Innan TSB har Helse Stavanger hatt dei lågaste ventetidene i regionen. Helse Stavanger har historisk sett hatt dei største utfordringane med fristbrot av helseføretaka. Når det gjeld langtidsventande har Helse Stavanger tatt grep dei seinaste månadene, både i høve til dei som har venta meir enn 180 og 365 dagar. Det har og vore ei betring i høve til korridorpatientar innan somatikken i Helse Stavanger.

I 2016 har det vore ei betring i talet korridorpatientar i helseføretaket etter at fleire tiltak har vore sett i verk. Epikrisetidene har og vore ei utfordring i Helse Stavanger. Dei har hatt den lågaste prosentdelen epikrisar utsendt innan 7 dagar både innan somatisk sektor og psykisk helsevern for vaksne.

Tal for sjukefråvær per september er ikkje oppdatert ved skrivefrist og blir munnleg presentert i styremøte. Sjukefråværet per august 2016 er 0,4 % lågare enn same periode i 2015. Det er fleire moglege dagsverk og sjukefråværsdagsverk isolert sett per august 2016 enn same periode året før, men uavhengig av dette går sjukefråværet ned.

Sidan desember 2010 har 6 031 medarbeidarar fått høgare stillingsprosent i Helse Vest. Samanlikna med desember 2010 har 3 955 fleire medarbeidarar fått 100 % stilling og 2 076 har fått høgare stillingsprosent. Ved utgangen av september 2016 er den korrigerete gjennomsnittlege stillingsprosenten 89,30 %.

Det økonomiske resultatet i september er kr 82 mill. som er kr 71,5 mill. betre enn budsjettet. Akkumulert resultat er kr 600,7 mill. som er kr 137,3 mill. betre enn budsjettet. Føretaksgruppa leverer ei samla prognose som er kr 321 mill. høgare enn resultatkravet.

Helse Stavanger har eit akkumulert budsjettavvik på tilnærma kr 57,1 mill. og eit faktisk resultat etter september månad på 2,9 mill. kr. Det er også negativt budsjettavvik i september. Helse Stavanger fortsetter sitt arbeid med å implementere nye tiltak og følgje opp eksisterande tiltak for å redusere budsjettavviket. Det blir vist til kapittel 6.3 omstilling for nærare omtale av tiltaka.

Helse Førde har dei siste månadane hatt ei negativ resultatutvikling. I september har føretaket eit mindre avvik. Hittil utgjer akkumulert budsjettavvik kr 13,5 mill. Hovudårsaka til avviket er lågare aktivitet enn budsjettet. For å sikre ei positiv resultatutvikling er det viktig at føretaket tar nødvendige grep for å tilpasse verksemda i tråd med gjeldande aktivitetsnivå.

Samla investeringar per september er på kr 1,187 mrd. Dette utgjer om lag 70 % av budsjettet investeringsnivå i 2016. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramme vurdert å vere tilfredsstillande.

For føretaksgruppa Helse Vest er det registrert 2133 artklar i media tredje kvartal 2016. For tredje kvartal 2016 er totalt 18 prosent av oppslaga med positiv tendens, 73 prosent er nøytrale og 9 prosent negative. Dette gir ein PR-score på 2,3 mot 2,6 for førre periode.

Styret ønskja å få ein rapport på ventetid per fagområde med jamne mellomrom t.d. halvårleg.

I rapporten frå arbeidet med gjennomgang av tenestetilbodet i psykisk helsevern, ønskja styret eit kapittel om måleproblematikk.

Styret var uroa over alvorlege hendingar med truslar og vald i helseføretaka, og vil følgje utviklinga nøye. Det systematiske HMS arbeidet må halde fram.

Styret var svært nøgd med at sjukefråværet i føretaka framleis går nedover.

Styret var uroa over den økonomiske utviklinga i Helse Stavanger HF og Helse Førde HF. Dette økonomien må følgjast tett opp i styra, med analyse av avvika i år og tiltak med tidspunkt for forventna effekt av tiltaka.

Budsjetta for 2017 må vere kvalitetssikra og sikre eigenkapital til planlagde investeringar i nye byggeprosjekt.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok rapporteringa frå verksemda per 30. september 2016 til etterretning.

Sak 120/16 Oppnemning av regionalt brukarutval i

Helse Vest 2017 - 2019

Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) i Hordaland, Sogn og Fjordane, Rogaland, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO Sørvest), eldreråda i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland, Kreftforeningen og Rusmisbrukernes interesseorganisasjon (RIO) har sendt inn forslag til representantar til Regionalt brukarutval i Helse Vest for funksjonsperioden 2017-2019. Forslaget frå organisasjonane medfører at FFO får to medlemmer frå kvart fylke, medan SAFO, eldreråda, Kreftforeningen og RIO får ein medlem kvar i Regionalt brukarutval.

Styret peika på gjeldande kriterium for samansetting av det regionale brukarutvalet, der det går fram at: *«Det vil og bli lagt vekt på at mindre synlege pasientgrupper og pasientgrupper som i mindre grad er i stand til å ta vare på egne interesser er representert. Dette er til dømes etniske minoritetar og barn og unge.»*

Styret peika på at organisasjonane ikkje har føreslått kandidatar frå etniske minoritetar, og ønskja at dette blei prioritert ved neste oppnemning.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret i Helse Vest oppnemnde følgjande medlemmer og vara-medlemmer til det regionale brukarutvalet i Helse Vest RHF for funksjonsperioden 1. januar 2017 - 1. januar 2019:

Medlemmer:

- Elisabet B. Salte, FFO Rogaland/Norges Astma- og allergiforbund, Rogaland
- Kari Toftøy-Andersen, FFO Rogaland/Fibromyalgiforeningen, Rogaland
- Gunnar Ekeland, FFO Sogn og Fjordane/Diabetesforbundet
- Jostein Bildøy, FFO Sogn og Fjordane/Hørselshemmedes Landsforbund
- Linn Bæra, FFO Hordaland/Rådgivningen om spiseforstyrrelser (ROS)
- Merete Hauge, FFO Hordaland/ME-foreningen, Hordaland
- Grete Müller, SAFO Sørvest/Norsk Forbund for Utviklingshemmede Rogaland
- Henrik Aasved, Kreftforeningen/Lungekreftforeningen
- Anders Sundbotten, RIO
- Kristoffer Skjolden/Eldrerådet i Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Vara-medlemmer:

- Anbjørg Hellestræ, 1. vara FFO Rogaland/Mental Helse, Rogaland
- Ingunn Westvik Jolma, 2. vara FFO Rogaland/Barnekreftforeningen i Rogaland
- Lene Nilsen, 1. vara FFO Sogn og Fjordane/Cerebral-Pareseforeningen (Hord. Sogn/Fjord.)
- Mariann Kristiansen, 2. vara FFO Sogn og Fjordane/Autismeforeningen, S og Fj.
- Magnus A. Heggo, 1. vara FFO Hordaland/Foreningen for muskelsyke (Hord. Sogn/Fjord.)

- Erling Jacobsen, 2. vara FFO Hordaland/Bergen Døveforbund
- Kjell Inge Bringedal, SAFO Sørvest/Norges Handikapforbund Sørvest
- Marianne Reve, Kreftforeningen/NORILCO
- Rami Knudsen, Rio
- Sven Hove, Eldrerådet i Rogaland Fylkeskommune

2. Brukarutvalet konstituerer seg sjølve på det første møtet for det nye utvalet, og det skal veljast ein leiar og ein nestleiar.

Sak 121/16 Verksemdsoverdraging av tilsette i Helse Vest Innkjøp HF til Sykehusinnkjøp HF

Det var gjennomført drøftingar med konserntillitsvalde og konsenhovudverneombod.

Oppsummering

Administrerande direktør i Helse Vest RHF vil rå til at innkjøpsressursane i Helse Vest blir overført til Sykehusinnkjøp HF frå 01.12.2016, i tråd med føringane frå føretaksmøte i Helse Vest RHF den 7. januar 2015 om at regionale ressursar og einingar innan innkjøpsområdet skal overførast til Sykehusinnkjøp HF innan 31.12.2016.

I styremøtet 3. oktober 2016, sak 113/16, blei styret orientert om arbeidet med å etablere Sykehusinnkjøp HF, og planane for å overføre innkjøpsmedarbeidarar frå Helse Vest Innkjøp HF og eventuelt Helse Vest RHF til Sykehusinnkjøp HF.

Sykehusinnkjøp HF vil ved oppstart bli organisert i divisjonar. Dette sikrar eksisterande kapasitet og kompetanse på levering av innkjøpstjenester til føretaka i Helse Vest etter overdraginga.

Styret i Helse Vest Innkjøp HF fatta i styremøte den 17. oktober 2016, sak 044/16, vedtak om overdraging av verksemd.

Administrerande direktør legg til grunn at innkjøpsressursar i Helse Vest RHF knytt til kjøp av helsetenester ikkje blir overført til Sykehusinnkjøp HF.

Det blei gjort greie for endra forslag til vedtak, og at det ikkje blir lagt opp til endeleg stadfesting av avtalen om verksemdsoverdraging i føretaksmøte for Helse Vest Innkjøp HF.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret godkjende at all verksemd i Helse Vest Innkjøp HF blir overdradd til Sykehusinnkjøp HF den 1. desember 2016 i tråd med dei føresetnadene som framgår av saka og dei kommentarar som blei gitt i møte.
2. Overdraginga skal gjennomførast i tråd med gjeldande lover og avtalar, jf. særleg Arbeidsmiljøloven §§16-1 – 16-17, og i god dialog med involvert personale.
3. Innkjøpsressursane knytt til kjøp av helsetenester i Helse Vest RHF blir ikkje overdratt til Sykehusinnkjøp HF.

Sak 122/16 Høyringsssvar – Endring av forskrift kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar – psykisk helsevern og rus

Oppsummering

Helse- og omsorgsdepartementet har sendt på høyring forslag om endringar i forskrift 18. november 2011 nr. 1115 om kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar.

Departementet føreslår endringar i forskrift slik at den også skal gjelde for pasientar i psykisk helsevern og TSB.

Departementet føreslår å innføre nokre nye prosesskrav knytt til utskrivingsklare pasientar i psykisk helsevern og TSB. Det er lagt opp til at endringane skal tre i kraft frå 1. januar 2017.

Departementet foreslår likevel at kommunane si betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar i psykisk helsevern og TSB ikkje trer i kraft før tidlegast i 2018.

Forslag til høyringssvar til endring i forskrift om kommunal betaling for utskrivingsklare pasientar innanfor psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelavhengighet (TSB) går fram av saka.

Vedtak (samrøystes)

1. Styret slutta seg til høyringssvaret som går fram av saka.
2. Høyringssvaret vert sendt til Helse- og omsorgsdepartementet innan fristen 23. november 2016.

Sak 123/16 Nasjonale kvalitetsindikatorar per 1. tertial 2016

Oppsummering

Samanlikna med dei tre andre helseregionane skårar Helse Vest framleis svært godt på dei nasjonale kvalitetsindikatorane som er publisert for 1. tertial 2016. Helse Vest skårar berre «lågast» på 8 av dei totalt 63 tertialvise kvalitetsindikatorane som blir presentert i denne saka.

Av dei fire helseføretaka i regionen er det Helse Førde som jamt over skårar «høgast» på dei nasjonale kvalitetsindikatorane per 1. tertial 2016.

Til neste gjennomgang ønskja styret ein oppsummerande analysedel som peikar og forklarar hodvudkonklusjonane, samt ein handlingsplan med oversikt over kva tiltak som blir sett inn på forbetningsområde.

Styret forventar at alle helseføretak gjennomgår denne saka i styra.

Vedtak (samrøystes)

Styret tok tertialrapporteringa per 1. tertial 2016 til orientering, med dei kommentarar som kom fram i møtet.

1505 – 1515 Sak 124/16 Oppsummering SAMDATA spesialisthelsetenesta 2015

Oppsummering

I 2015 blei det nytta 138 milliardar for å gi befolkninga ei best mogleg spesialisthelseteneste. SAMDATA gir informasjon om kva desse pengane blir nytta til, og korleis dei blir fordelt mellom

ulike sektorar og regionar. Rapporten inneheld informasjon om ressursinnsatsen, bruken av tenestene og utnyttinga av ressursane.

Hovudtrenden innan spesialisthelsetenesta er framleis ei dreining frå døgnbehandling til polikliniske behandling, både innan somatikk og psykisk helsevern. For bruk av helsetenester er det generelle biletet stabile eller noko reduserte forskjellar siste fem år.

Til neste gjennomgang ønskja styret ein oppsummerande analysedel som peikar og forklarar hovudkonklusjonane, samt ein handlingsplan med oversikt over kva tiltak som blir sett inn på forbetningsområde.

Vedtak (samrøystes)

Styret i Helse Vest RHF tok oppsummeringa av SAMDATA rapporten for spesialisthelsetenesta 2015 til orientering, med dei kommentarar som kom fram i møtet.

Sak 125/16 Eventuelt

Samtykke vs. reservasjonsrett (OJH)

Styret var opptekne av problemstillinga, og ønskja å komme tilbake til saka etter at Helsedatautvalet har gjennomgått problemstillinga.

Helsedatautvalet blei oppnemnd av helse- og omsorgsdepartementet 31.05.2016. Utvalet skal utgreie eit betre og meir effektivt system for behandling av helsedata.

Utvalet består av:

- Marta Ebbing (leiar), Folkehelseinstituttet
- Trine Magnus, tidlegare direktør for Senter for Klinisk Dokumentasjon og Evaluering (SKDE)
- Even Gunnarson Anderssen, Helsedirektoratet
- Bente Kne Haugdahl, Fylkesmannen Nord-Trøndelag
- Lars Bjarne Kristofersen, Høgskulen i Oslo og Akershus
- Gunnar Jårvik, Nasjonal IKT Helseføretak
- Pål Rasmus Njølstad, Universitetet i Bergen
- Jacob Hølen, Nasjonal etisk komité for medisinsk forskning
- Camilla Nervik, Datatilsynet
- Ketil Widerberg, Oslo Cancer Cluster

Konklusjonane frå dette utvalet vil bli sendt på høyring.

Møte mellom styreleiarar og administrerande direktørar i dei 4 RHF-a 24. oktober (TV)

Styreleiar oppsummerte frå møtet.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Skriv 01 - Brev frå Helse Vest til HOD, dagsett 011016- Rapportering frå Helse Vest pr. august 2016
- Skriv 02 - Kopi av brev frå Norsk bryst cancer gruppe til Beslutningsforum for nye metodar, dagsett 230916 – Vedrørande bruk av nye medikament i helsetenesta
- Skriv 02 - Svarbrev til Norsk bryst cancer gruppe (Ettersendt 31. oktober)
- Skriv 03 - Brev frå Fylkesmannen i Hordaland til Helse Vest, dagsett 200916 – Oppsummeringsrapport frå det landsomfattande tilsynet i 2016 – Stopp sepsis

- Skriv 04 - Brev frå Riksrevisjonen til Helse Vest, dagsett 240816 - Spørsmål om medisinsk kodepraksis
- Skriv 05 - Brev frå Helse Vest til Riksrevisjonen, dagsett 220916 - Svar på brev vedrørende medisinsk kodepraksis
- Skriv 06 - Møtereferat - Regionalt brukarutval 050916

02.11. 2016

Terje Vareberg Styreleiar

Lise Reinertsen Nestleiar

Ohene Aboagye Medlem

Gunnar Berge Medlem

Sett:

Tone Berentsen Steinsvåg Medlem

Olin Johanne Henden Medlem

Bente Sissel Pilskog Medlem

Lise Karin Strømme Medlem

Tom Guldhav Medlem